

**Fra:** Jørg Westermann - Norsk Bane AS <jw@norskbane.no>

**Sendt:** 23.05.2023 17:51:10

**Til:** Aksjonærane i Norsk Bane AS <post@norskbane.no>

**Emne:** Innkalling til digital generalforsamling i Norsk Bane AS, mandag 26.6.23, kl. 9 - 12

---

Til aksjonærane våre!

No er det klart: det blir digital generalforsamling i Norsk Bane AS på mandag, 26.6.2023, fra kl. 9 til 12.

Saksdokumenta vil bli sende om nokre få dagar. I tillegg til dei vanlege sakene av formell karakter, vil generalforsamlinga i år særleg omhandle spørsmåla knytte til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli. På generalforsamlinga i fjar blei det uttrykt stor støtte til arbeidet med å førebu ei slik utgreiing. Initiativet hadde i hovudsak bakgrunn i dei to følgjande momenta:

- Utgreiingane frå Deutsche Bahn International er no over 10 år gamle. I arbeidet vårt får vi ofte spørsmålet om materialet vårt framleis er relevant. Med ei ny utgreiing levert av eit kompetent selskap vil vi på nytt kunne setje dagsorden, skape nytt engasjement og tilby Stortinget eit oppdatert avgjerdsgrunnlag, ikkje minst for debatten om moglege løysingar på klimakrisa, naturkrisa og energikrisa.
- Dei to tilsette våre nærmar seg pensjonsalderen. Jørg vil fylle 67 år i august i år og Thor i juni neste år. Båe er likevel innstilte på å halde fram i arbeidet, dersom vi kan få gjennomført ei ny utgreiing og slik også kan overføre kompetansen i selskapet til framtidige tilsette.

Båe desse to momenta har avgjerande betydning for å tryggje Norsk Bane AS sin posisjon som ein leverandør av jernbanefagleg kunnskap og ein fagressurs for politisk arbeid. Ei ny og oppdatert utgreiing vil såleis danne eit både fagleg og økonomisk fundament for Norsk Bane AS si verksemد i framtida.

I søket etter eit konsulentselskap for utgreiingsarbeidet, har vi vore heldige og kunne i slutten av mars i år inngå ein intensjonsavtale med det spanske selskapet *Sener*. Dei har brei røynsle og høg kompetanse på alle relevante fagområde. Fleire detaljar går fram av eit døme på dei søknadene om tilskot som vi sendte i april og mai til relevante kommunar, fylke og verksemder, sjå vedlegg.

Nett no er vi midt i finansieringsprosessen og har fått både avslag og tilsegner om tilskot. Det er likevel berre eit fåtal svar. Vi har difor førebels ikkje tilstrekkeleg informasjon til å kunne seie noko om resultatet av finansieringsarbeidet.

Meir informasjon kjem om nokre få dagar og på generalforsamlinga!

Beste helsing

Jørg Westermann

dagleg leiar  
Norsk Bane AS  
Tel. 70 10 16 44  
[jw@norskbane.no](mailto:jw@norskbane.no)  
[www.norskbane.no](http://www.norskbane.no)